

 <b>HELSE BERGEN</b> Haukeland universitetssjukehus	<b>Flatlus</b>	
Kategori: Forskning, innovasjon og utdanning/Utdanning og kompetanse	Gyldig fra/til: 07.10.2020/07.10.2022	
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Hudavdelingen	Versjon: 2.01	
Godkjenner: Alf Henrik Andreassen	Informasjon	
Dok. ansvarlig: Turid Thune	Dok.id: D43648	

### Kva er flatlus?

Flatlus (Phtirus pubis) er ei 2 mm stor lus som vanlegvis festar seg til kjønnehåra. Flatlus kan også finnast i armholer, på bryst/mage, i skjegg, i augevippar og augebryn. Hos barn og eldre kan lusa også observerast i hovudhåret.

### Korleis kan eg merke at eg har flatlus?

Kløe nedantil er det vanlegaste teiknet på flatlus. Kløe er ein allergisk reaksjon på lusebitt. Kløe kan igjen føre til kloring, raudleik og betennelse i huda. Lusa får næring ved å suge blod. Egga blir klekte ei veke etter at dei er lagde. På huda og på undertøyet kan ein sjå luseavføring og skinnen frå daude lus.

### Korleis kan flatlus smitta?

Flatlus smittar vanlegvis ved seksuelt samkvem. Overføring via handklede, sengetøy og klede er uvanleg. Lusa kan overførast til barn ved kroppskontakt.

### Kan ein testa seg for flatlus?

Du kan sjølv så lus og egg. Egga festar seg til hårstråa som perler på ei snor. Legen kan stilla diagnosen ved mikroskopering.

### Korleis blir eg kvitt lusa?

På apoteket får du kjøpt Prioderm liniment utan resept. Følg brukarretteleinga! Linimentet skal du vaska av etter 12 timar. Hugs å gjenta behandlinga etter 8-14 dagar. Dersom du barberer bort håra, vil ikkje lusa ha nokon plass å feste seg. Ein sjeldan gong kan lus setja seg i augebryn og -vippar. Fjern i så fall desse med pinsett. Gravide skal ikkje bruke Prioderm. Små barn bør berre behandlast i samråd med lege.

### Korleis kan eg unngå å bli smitta eller å smitta andre?

Kondom vernar ikkje mot flatlus. Oppsøk lege ved mistanke slik at diagnosen kan stillast og behandling kan setjast i gang. Den som får påvist flatlus, skal ikkje ha sex før begge behandlingane er fullførde. Seksualpartner må få beskjed om å behandla seg.

### Korleis skal eg reingjera huset for å vera sikker på at eg er kvitt lusa?

Omfattande reingjering av klede, dyne/madrass og inventar er ikkje naudsynt. Legg på reint sengetøy etter at du har vaska av linimentet. Flatlus i klede vil døye ved oppvarming til 60° C i 5 minutt og ved frysing i eitt døgn.

### Kan eg få flatlus ved å nytta offentlege toalett, bad, dusj etc.?

Nei.

### Kan katt eller andre husdyr få flatlus?

Nei.

Har du spørsmål, kan du vende deg til:

Avdeling: Poliklinikk for seksuelt overførbare sjukdomar, Hudavdelinga.

Telefon: 55973960

www.helsebergen.no